

Fra: Anngunn Marie Gullbrå <anngunn.gullbra@alver.kommune.no>

Sendt: 30.03.2022 13:26:10

Til: Beathe Nilsen <beathe@reknesbyggjevarer.no>

Emne: SV: Litt syt på en vanlig onsdag ;-)

Hei

Eg vart oppringt frå tinglysingen no- dei som behandla tinglysing av reseksjoneringa, som eg sende inn 3 veker etter at vedtaket var gjort- slik vedtak 08.03, saksgang og praksis tilseier.

Løyve til reseksjonering - gbnr 134/263 Hilland

Administrativt vedtak: Saknr. 251/22

VEDTAK:

Med heimel i §20 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om reseksjonering av 2 seksjonar for sameiet «gnr. 134. bnr 263-Hilland», på grunnlag av søknad med vedlegga planteikningar og samtykke til reseksjonering.

Seksjonane 1-6 i dette sameiet er bustadseksjonar- fordelt på 3 bustadbygg med 2 seksjonar i kvart bygg. Kvar eigarseksjon har sameigebrøken 1/6.

Seksjoneringa går ut på å slå saman seksjon 6 med seksjon 5, slik at eine bustadbygget berre utgjør 1 eigarseksjon. Ny sameigebrøk til seksjon 5 vert 2/6.

Reseksjoneringa av eigedommen gbnr 134/263 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

Dei opplyste om at denne ikkje kunne tinglysast no, fordi det dessverre var tinglyst skøyte på seksjon 5 i mellomtida-t.l. 22.03.2022. Skøytet var innsendt av adv Mikkel Mundal, og dette hindrar no gjennomføringa/ tinglysingen av reseksjoneringa.

Reseksjoneringa kan difor ikkje tinglysast slik den ligg føre. Saksbehandlar hjå tinglysingen skulle skriva ein framgangsmåte for retting/ påteikning ved inkurie, som forhåpentlegvis kan retta opp i dette. Eg er usikker på om Inkurien skal gjelda reseksjoneringa som skal tinglysast, eller skøytet som er tinglyst.

Eg kjem tilbake med meir info når eg har fått den skriftlege tilbakemeldinga frå tinglysinga.

Tenkte berre å orientera.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå | Avdelingsingeniør Kart og Oppmåling

Telefon: +47 56 17 11 81

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Mvh Anngunn

Fra: Beathe Nilsen <beathe@reknesbyggjevarer.no>

Sendt: onsdag 9. mars 2022 09:30

Til: Anngunn Marie Gullbrå <anngunn.gullbra@alver.kommune.no>

Emne: Litt skryt på en vanlig onsdag :-)

Mottok nettopp godkjent reseksjonering på Hilland. Vil bare takke for god hjelp i prosessen, og ikke minst rask og effektiv saksbehandling.

Ønsker deg en fortreffelig onsdag videre 😊

*Med vennlig hilsen
Beathe Iren Nilsen
Reknes Byggjevarer L.L*

Tlf : 91678445

Hoved kontoret 56166060

Se vår huskatalog på <http://www.mundus.no>

Følg oss på facebook

<http://www.facebook.com/mundus.no>



